



# FEDJE KONTROLLUTVAL

MØTEUTSKRIFT SAK 19/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2024

Til Fedje kommunestyre ved ordfører  
Kopi: formannskapet

Kontrollutvalet har i møtet 01.06.2023 handsama sak 19/23 med følgende vedtak:

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 850 700,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet ber om at framlegget føl kommunestyret si handsaming av budsjett for 2024.

Utskrift av protokoll og saksframlegg ligg under.

## 19/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2024

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 850 700,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

---

### HANDSAMING I MØTET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

### VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 850 700,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

---

### SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 utarbeide spesifisert forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Etter kommunelova § 14-3 skal dette framlegget følgje innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret.



Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, som mellom anna skal dekkja utgifter til aktiviteten i kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon.

Kontrollutvalet er eit lovpålagd utval, og har ei sentral rolle i eigenkontrollen i kommunen. Kontrollutvalet har fleire oppgåver som er regulerte i lov og forskrift, og skal mellom anna uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga frå kommunen, utarbeide planar for, og bestille forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og rapportere til kommunestyret om dette.

Budsjettet til kontrollutvalet må innehalde kostnader knytte til revisjonsaktivitetar, sekretariatsarbeid, møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt, opplæring gjennom kurs og konferansar og møteutgifter mellom anna. Det er også anbefalt at budsjettet for kontrollarbeidet inneheld ein budsjettpost til uføresett kontrollarbeid.

Kostnader knytt til revisjon og kontrollutvalsekretariat er avtalefesta, gjennom selskapsavtalane for Vestlandsrevisjon IKS og sekretariattenesta i Region Nordhordland IKS (RNI).

I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2024, men ein må påreknje å bruke noko meir på opplæring, då det vert konstituert eit nytt kontrollutval hausten 2023. Dei seinare åra har det stort sett vore gjennomført 4 møte. Dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår kan det verta behov for fleire møte eller meirarbeid for revisor og/eller sekretariat. I budsjettforslaget er det teke høgde for noko uføresett kontrollarbeid i 2024, men innafor ei relativt avgrensa ramme. Kontrollutvalet har høve til å be kommunestyret om ekstra midlar dersom uføresette kontrolloppgåver av større omfang vert naudsynte.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2024:

<b>Fedje kontroll og revisjon 2024</b>	<b>Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg 2024</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett 2023*</b>	<b>Kommentarar</b>
Revisjon	kr 600 000	kr 545 350	kr 555 000	1
Sekretariat	kr 87 000	kr 62 336	kr 73 000	2
Møtegodtgjersle KU	kr 50 000	kr 37 351	kr 50 000	3
Diverse møteutgifter	kr 10 000	kr 5 935	kr 6 000	4
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 3 700	kr 0	kr 1 000	5
Opplæring kontrollutvalet, inkl. reise	kr 50 000	kr 13 958	kr 30 000	6
Uføresette kontrollutgifter	kr 50 000	kr 0	kr 0	7
<b>Totalt</b>	<b>kr 850 700</b>	<b>kr 664 930</b>	<b>kr 715 000</b>	

\*Vedteke budsjett for 2023 samsvarer med kontrollutvalet sitt framlegg.



Kommentarar til tabellen:

- 1) Kostnad til revisjon følger av avtale til Vestlandsrevisjon IKS. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2023.
- 2) Kostnad til kontrollutvalssekretariat følger av avtalt kostnadsfordeling mellom eigarkommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2023.
- 3) Kontrollutvalet sine eigne utgifter er knytt til fast årleg godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter m.m.
- 4) Diverse møteutgifter som møtemat med meir.
- 5) Kontingent i FKT.
- 6) Kontrollutvalsmedlemmene bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert jamleg arrangert kurs for kontrollutval av blant anna fagorganisasjonane NKRF og FKT.
- 7) Det er anbefalt å legge inn ein kostnadspost knytt til uføresett kontrollarbeid (jf. kontrollutvalsboka).